



Else Stevnebø
Øvre Bergveien 35
5152 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10172 - 22/424

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
04.01.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 417/14 Rossnes

Tiltak: Søknad om deling
Byggjestad: Gbnr 417/14
Tiltakshavar: Ivar Stevnebø

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.12.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjonssøknaden må grunngjevast betre. Det må søkjast om dispensasjon frå arealformål jordbruk/ skogbruk i reguleringsplan for Rossnes. Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på Alver kommune si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) og i vedlagte dokument.
2. Dispensasjonssøknad skal nabovarlas. Me kan ikkje sjå at dette er gjort. Dette må dokumenterast.
3. Dersom ein ønskjer at saka også skal handsamast som søknad om deling i tillegg til søknad om dispensasjon må dette skjemaet fyllast ut: [5153-Søkn. om tilt. uten sl \(dibk.no\)](#) Dersom det vert gjeve løyve til deling og ein ønskjer at saka skal gå direkte over til oppmålingsavdelinga må ein i tillegg fyller ut dette skjemaet: [Krav om matrikulering, medrekna rekvisisjon av oppmålingsforretning - søknadspliktige tiltak \(alver.kommune.no\)](#)
4. Dersom ein søker om deling til uendra bruk slepp ein søkje om dispensasjon. Det må då opplysast om følgjande:
 - Om garasjen er lovleg bygd og byggeår.
 - Om bruken har vore samanhengande.
 - Om bruken har vore uendra frå garasjen vart bygd.
 - Om bruken skal fortsette som før.
 - Om tilstanden til garasjen. Legg gjerne ved bilete for dokumentasjon.

Om desse vilkåra er oppfylte vil ein kunna få saka handsama etter ulovfesta reglar om frådelling til uendra bruk.

Meir informasjon om søknad om deling finn du på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Deling av eigedom og arealoverføring](#)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.02.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)

Mottakarar:

Else Stevnebø

Øvre Bergveien 35

5152 BØNES